

Øystre Slidre kommune

Motorferdsel i utmark

Fagrapport utarbeidet av Øystre Slidre kommune på oppdrag fra
Statsforvalteren Innlandet i forbindelse med eventuell utvidelse av
Jotunheimen Nasjonalpark



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!


29.09.2024

Introduksjon – omfanget av motorferdsel i utmark i kommunen

Øystre Slidre kommune har eit lågt antall motoferdselløyver i året, grunna leigekøyringsordninga vinterstid. Mesteparten av køyringa er på vinterstid, og er i hovudsak knytt til stølsområde og hytteområde med ubrøyta tilkomst. Dei aller fleste løyvene heimlast i § 6 *særlige behov*, i tillegg til at ein del er heimla i § 5 b for frakt av personar med funksjonsnedsettelse (Tabell 1). Noko av køyringa gjeld også tilsyn av buer, naust eller utleigehytter, og evt. frakt av utstyr vinterstid til veglause buer, hytter eller stølar.

Tabell 1. Oversikt over løye og heimlar frå 2018 – 2023 i Øystre Slidre kommune

ÅR	N	Hjemla kjøring	Vinter	Sommer	Avslag	Innvilga	§ 6 s.b	§ 5 b HC	lok. Fors § 3 b	§ 5 d utm. næring	lok. Forsk. § 1b Båt	§ 5 e Ved
2018	18	3	18	0	3	16	8	4	1	0	0	0
2019	16	3	14	2	4	13	9	1	0	0	0	0
2020	13	1	12	3	2	13	12	2	0	0	0	0
2021	17	0	9	8	5	12	12	1	0	1	2	0
2022	5	0	5	0	0	5	2	0	0	0	0	1
2023	11	1	7	4	1	9	6	2	0	0	1	0




Figur 1. Oversikt over avslag, gjevne løyve og heimla køyring i perioden 2018 - 2023.


Informasjon om bruk av det aktuelle området:

Området som er foreslått som ei utviding av Jotunheimen NP (Figur 3) er ikkje råka av mykje motorferdsel, då det er lite eller ingen busetnad i dette området, samt at store delar av Valdresflye er innanfor «Sårbart område» (jf. nasjonal forskrift § 2) (Figur 2), kor det svært sjeldan vert gjeve løyve til motorferdsel i utmark. Motorferdselen utanfor «sårbart område» er i hovudsak knytt til køyring av skiløyper og hundeløyper, til beitelag for f.eks. plassering av saltstein, og til motorferdsel i samband med reindriften. Figur 4 – 6 syner bruk av området i høve til skiløyper. Figur 7 syner oppsamlingsområde, flytteheier og trekkeleier for tamrein.







Figur 3. Foreslått utvidelse av Jotunheimen NP




Figur 4. Skiløyper på Veldresflye, innanfor foreslått utvidelse



Figur 5. Preparert hundeløype



Figur 6. Løypeprepareringsområde



Figur 7. Oppsamlingsområde, flytteheier og trekkleier for tamrein.

Verknad ved utvida vern:

Det er hovudsakleg motorferdsel som er heimla direkte i lova som blir utført innafor det området som er føreslått verna, i tillegg til køyring av skiløyper og hundeløyper.

Tamreindrift: Om verneforskrifta opnar for bruk av motorkøyetøy vinterstid og helikopter, vil det ikkje vere større negative konsekvensar knytt til tamreindrift. I visse tilhøve kan det vere behov for barmarkskøyring, og dette må det leggst til rette for. Det er viktig at dagens aktivitetar får halde fram ved ei utviding av nasjonalparken. I tillegg til det som kjem fram av kartet i figur 7 er området også nytta som beiteområde for rein både haust, sumar og vår. Det må vere opent for bruk av drone/helikopter.

Beitelag og beitebruk: Det er eitt beitelag i dette området. Det er utøvd lite motorferdsel i samband med landbruk og beitebruk her, derfor bør verknaden vere minimal når omsyn til beitebruk blir vareteke i verneforskrifta. Eventuelle skadefellingsoppdrag som krev motorferdsel i utmark skal kunne gjennomførast raskt. Dette har vi gode erfaringar med i Langsua.

Vinterløyper: Det er viktig at eksisterande skiløype kan vidareførast ved ei utviding av nasjonalparken. Desse løypene er sentrert i område rundt DNT-cafeen Flye 1389. Det same gjeld for preparert hundeløype som går gjennom området. I tillegg til årleg preparerte løyper er

det eit løypeprepareringsområde, vedteken av kommunen i 2013, som framleis må bestå. Der er det varierende preparering i høve til vær og føre.

Samla vurdering i høve til eksisterande verneforskrift.

Det er samla sett lite motorferdsel i det området som er foreslått verna. Motorferdselen er knytt til løypekøyring og tamreindrift. Aktivitet knytt til dette kan halde fram, og vil vere i tråd med eksisterande verneforskrift. Moglegheiter for bruk av drone under gjeting og sanking er ynskjeleg.

Med tanke på reindrifta må verneforskrifta legge til rette for motorferdsel i barmarkssesongen ved særlege tilhøve. Bruk av helikopter (og drone) må kunne tillatast. Verneforskrifta må legge opp til at tilsyn og gjeting av rein, samt tilsyn og gjeting av husdyr på beite kan gjennomførast, i tillegg til at det skal vere mogleg å raskt kunne nytte motorferdsel ved skadefellingsforsøk.